

**Styret i Straume Grendahus
V/ Magne Straume
5939 SLETTA**

Straume 21.mars 00

**Radøy Kommune
Teknisk kontor
5936 MANGER**

SØKNAD OM LØYVE TIL RIVING AV STRAUME GRENDAHUS

Styret i Straume Grendahus søker med dette om løyve til å riva Straume Grendahus. Det vart gjeve løyve til riving av huset 15. 11. 1988, (Sak 172/88) ,men rivinga vart ikkje utført.

Det vart i 1998 igangsatt eit prosjekt for å ta vare på gamleskulen på Straume. Både Radøy Kommune og Austrheim Kommune var involverte i dette prosjektet, men det lukkast ikkje å komma til ein avtale med grunneigar, og heile prosjektet strandta.

Huset er no i dårlig forfatning, og styret i Straume Grendahus ser ikkje anna løysing enn å riva huset.

**For styret i
Straume Grendahus**

Magne Straume

Ark..... Jar.....

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk

Møtesta: Prestegarden

Møtedat: 13.06.00

Sak nr: 73/00

**SØKNAD FRÅ STRAUME GRENDAHUS OM LØYVE TIL RIVING AV
STRAUME GRENDAHUS**

Sakshandsamar:

Einar Borgund

Vedtaksorgan:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk

Saksdokument:

Vedtak i Radøy bygningsråd 15.11.88, sak 172/88

Saksutgreiing v/ underv. og kultursjef Knut Risnes, Austrheim kommune i høve framtidig bruk av tidlegare Straume skule
 Skriv frå grunneigar, Olav Straume, til Knut Risnes
 Søknad frå Straume grendahus dagsett 21.03.2000 om riving
 (saksdokumenta er ikkje vedlagd)

Orientering:

I skrivet frå Straume Grendahus, datert 21.03.00 vert det sagt:

" Styret i Straume Grendahus søker med dette om løyve til å riva Straume Grendahus. Det vart gjeve løyve til riving av huset 15.11.88, (sak 172/88), men rivinga vart ikkje utført. Det vart i 1998 igangsett eit prosjekt for å ta vare på gammeskulen på Straume. Radøy kommune og Austrheim kommune var involvert i dette prosjektet, men det lukkast ikkje å koma til ein avtale med grunneigaren, og heile prosjektet stranda. Huset er no i därleg forfatning, og styret i Straume Grendahus ser ikkje anna løysing enn å riva huset."

Rådmannen sine vurderingar:

Det huset det no vert søkt om å få riva stod først i Austrheim og vart nytta til skule der frå 1860-åra og fram til 1902 (ca 40 år). Huset vart så flytt til Straume, og der huset no står har det stått i nærmere 100 år. Eg forstår det slik at det ikkje er fråskild tomteareal til bygningen. Eigaren av bruket eig såleis grunnen under bygningen. Av sak 172/88 i bygningsrådet framgår det: "Etter kommunesamslåinga i 1964 då skulen vart nedlagt, vart bygningen av Austrheim kommune stilt til disposisjon for Straumegrenda."

Det framgår elles av saksdokumenta at ikkje minst kulturkontoret i Austrheim har lagt ned eit stort arbeid for å få til ein framtidig bruk av skulen på den staden det no står. Dette prosjektet har stranda slik det framgår av søknaden.

Etter bestemmelsane i plan- og bygningslova skal det sendast nabovarsel ved riving. Då det er Grendalaget som står bak søknaden reknar eg med at saka er kjend i nabolaget og finn nabovarsling uturvande. Administrasjonen har drøfta saka med kulturetaten i fylkes-kommunen. Sakshandsamar Kari Øvsthus kjenner bygningen godt ut frå ovannemnde prosjekt. Ho sa seg lei for at det ikkje hadde lukkast å ta vare på denne bygningen, men hadde elles ingen merknad. Då bygningen er oppført seinare enn 1850 treng ein ikkje senda saka til formell høyring. Ut frå ei totalvurdering vil rådmannen rá til at det vert gjeve løyve til riving.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk viser til ovanståande saksutgreiing, og gjev løyve til riving av Straume Grendahus.

Einar Borgund kom med framlegg på vegne av rådmannen om å utsetja saka i påvente av nærmare utgreiing.

Vedtak:


Hovudutvalet vedtok samråystes at saka vart utsett.

Rett utskrift.

Radøy formannskapskontor, 28.06.00

Anne-Alise Thomassen
Anne-Alise Thomassen
e.f.

Går til: Straume Grendahus v/ Svein Straume, 5939 Sletta
Kopi til: Olav Straume, 5939 Sletta
Austrheim kommune v/ Knut Risnes, 5941 Austrheim
Teknisk kontor
Miljøvernleiar Asbjørn Nagell Toft



RADØY KOMMUNE

Til Straume Grendalag
v/Magne Straume
5939 Sletta

Manger 28.02. 2001

VEDRØRANDE DET GAMLE SKULEHUSET PÅ STRAUME

Radøy kommune ynskjer at skulehuset på Straume skal takast vare på framover og istandsetjast, og takast i bruk slik grenda og kommunen synes er mest føremålstjeneleg. Dette var forklaringa til at hovudutvalet utsette rivingssøknaden dykkar, og ikkje ynskte å gjeva rivingsløyve. Det kom og opplysningar fram i saka her som gjorde at Radøy kommune forstod at det ikkje var med lett hjarta for alle at denne søknaden vart sendt.

Kan det vera aktuelt for dykk å gjeva skulehuset utan vederlag eller heftingar til Radøy kommune eller eventuelt Radøy Sogelag? Radøy kommune ser at det kan vera ei løysing no for å ta vera å bygget framover. Me har kulturmidlar og eit kulturminnefond ein kan nytta til istandsetjinga. Andre avklaringar vedr. huset og tomtetilhøve får ein koma tilbake til ved seinare høve.

Det er naturleg at det vert laga ein bruksavtale med Straume Grendalag viss det er ynskje om det. Mange menneske har vore engasjert og fleire møte halde for å ta varc på gamieskulen på Straume. Dette er den eldste skulehuset me har att i Nordhordland og er eit verdifult kulturminne der det står i dag.

Radøy kommune vonar at me kan få ein skrifteleg tilbakemelding frå dykk om spørsmålet om eigarskap framover m.m.. I alle høve vil ei slik tilbakemelding verta handsama av administrasjonen som eige sak og verta lagt fram til politisk avgjerd. Vonar at ein kan få ein god løysing på sikt her.

Venleg helsing

Asbjørn Brandtun
Rådmann

Asbjørn Nagell Toft
skogbrukssjef/miljøvernleiar

*Styret i Straume Grendahus
V/ Magne Straume
5939 SLETTA*

Straume 1. april 2001.

*Radøy kommune
Vordførar Olav S. Namtveit
5936 MANGER*

Overtaking av Straume Grendahus.

*Syner til brev frå Radøy kommune av 28. februar 01,
underteikna av rådmann Asbjørn Brandtun og miljøvernleiar Asbjørn
Nagell Toft, der kommunen ynskjer å ta vare på "gamleskulen"
" på Straume.*

*Dette er i grunnen oppsitjarane sitt opprinnelige ynskje, men
på grunn av manglende økonomi og ikkje eigande grunn, fann me ingen
anna løysing enn å søkja om rivingsløyve på huset.
(ref. sak73/00 dato 21/3- 00).*

*Styret ser positivt på Radøy kommune sitt initiativ i denne
saka, og vil med dette overlata huset vederlagsfritt til Radøy kommune.*

*Huset slik det står i dag, er svært skjemmande , og forfell
fort.Ein vil difor be om at det vert tatt ei snarleg avgjersle, og at styret i
Straume grendahus får tilbakemelding om kva som skjer vidare.*

*Me ser framtil at huset vert istandsett, og til vidare
samarbeid om bruk av huset.*

*Med helsing
Styret i Straume
Grendahus*

*Magne Straume
formann*

Kopi til rådmann.